


AREAL: 213 km²
FOLKETAL: 964



GRANVIN var eiga skipreide både i mellomalderen og i 1647, slik det går fram av skattematrikkelen. Det fortel litt om makt og velstand. Granvin prestegjeld, som også omfatta Ulvik, vart utskilt frå Kinsarvik som eige prestegjeld i 1608. Eidfjord vart ein del av prestegjeldet frå 1688. Då omfatta Granvin (Graven) skipreide dei tre soknene Granvin, Ulvik og Eidfjord. Ulvik vart hovudsokn i 1858, og då vart Granvin eit kyrkjesokn i det nye Ulvik prestegjeld.


Granvin vart skild ut som eigen kommune i 1891. Ved kommunereguleringa i 1964 vart gardane Lussand, Beggevik, Naustvik, Håstabbe og Kvanndal overførte til Granvin frå Ullensvang. Granvin sokn hadde eigen lensmann til 1689. Då vart det ein lensmann for heile Graven skipreide (Ulvik, Granvin, Eidfjord), som seinare vart til Ulvik lensmannsdistrikt på 1800-talet. Det er gode gardar og det er gamle gardar i denne kommunen; gardar med god skog. □

SPELEMENN I GRANVIN

Ein av dei fremste utøvarane på hardingfela i dag er Knut Hamre (©135).

Læremeisteren hans var Anders Kjerland (biletet), og Kjerlands inspirator og læremeister var Halldor Mæland (©136).

Og desse var ikkje åleine. Severin Kjerland, far til Anders, Lars L. Røynestrand, Eirik Medås, Hans Selland, Otte Kongstun og Sjur Håstabø har alle vore dyktige spelemenn. Og to av dei mest dugande felebyggjarane i landet er også frå Granvin, Håvard Kvanndal (1910–2004) og lærlingen hans, Olav Vindal. Han har verkstad som felebyggjar ved Hardanger folkemuseum.



**PÅ GRØN GRUNN
EI GULL FELE,
SKRÅSTILT
VÆNSTRE – HØGRE**

Våpenet er godkjent ved kgl. res. 13.5.1988 og er teikna av Øyvind Kvamme, etter idé av Torbjørn Seim. Granvin er kjent for å ha rike feletradisjonar med mange kjende felespelarar og felebyggjarar. Motivet skal knyta fortida til framtida.

GRANVIN

Granvin er samansett av gran og vin «naturleg eng». Også Hollve (ofte skrive Holven) har vin som sisteledd, her som ofte elles forkorta til -ve. Førsteleddet er gno. hallr «skrånande». Andre vin-namn er Velkje (Velken), av valk «lita pute, knute, sandbanke», og Bilde, av gno. bildr «vinkelforma, skjerande reiskap, pil», med bakgrunn i terrengtilhøva. Førsteleddet i Kjerland er gno. ker «kar, fiskegjerde», medan gno. reyni «stad der det veks raun» ligg til grunn for Røynestrand (ofte skrive Røynestrand). For Taskjelle ligg kanskje eit eldre elvenamn til grunn, der -skjelle kan setjast i samband med gno. skella «smella, larma». Skjervet er laga av skjerv «skarv, nake skjer».



Strandstaden Eide. Litografi av M.W. Atkinson, 1852.